



Audun Rolland
Rødlandsflaten 63
5286 Haus

Referanser:
Dykker:
Vår: 22/3302 - 22/29980

Saksbehandlar:
Martin Ivar Henden
Martin-Ivar.Henden@osteroy.kommune.no

Dato:
15.12.2022

48/3 - Svar på søknad om bygging av landbruksveg med snuplass.

Administrativt vedtak:

Saknr: 385/22

Vedtak

«Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar avslår Osterøy kommune dykker søknad om bygging om snuplass/velteplass og bygging av 150 meter landbruksveg klasse 4 på gnr. 48. bnr. 3.
Grunngjeving for avslaget går fram av saksutgreiinga».

Saksutgreiing:

Osterøy kommune viser til motteken søknad frå deg om bygging av landbruksveg. Det er søkt om opparbeiding av snuplass og utbetring av om lag 150 meter veg fram til snuplassen. Til dette tiltaket er det berekna tilførte massar med ca.350 m³.

Då det var er ein del uavklarte forhold ved søknaden sende Osterøy kommune deg brev datert 21.11.2022. med spørsmål som må avklaraast før søknaden vert teken til handsaming.

Osterøy kommune har motteke svar på brevet frå veg planleggar hjå FanAgro AS.

Det er motteke kart som viser plassering av tiltaket, avklaring om dimensjonering av røyr og plan for omlegging av bekkeløp. Det manglar utgreiing om føremålet med tiltaket då skogen er hogd ut i 2021 og det er utbetalt tilskott for taubane drift for hogstfeltet.

I vedtak i sak 215/20 avslo Osterøy kommune søknad etter forskrift om bygging av landbruksveg om bygging av snu og velteplass for tømmer. Omsøkt tiltak for snuplass er i same område, men som no er utvida mot nord.

Avslaget var m.a. grunngjeve med at kommunen såg plassering av snuplassen som uheldig med tanke på flaum - og erosjon fare. Snuplassen er bygd med ei fylling i eit bekkeløp.

Etter avklaring på telefon med vegplanleggar er no planen å legge om bekkeløpet slik at vatnet ikkje skal gå gjennom fyllinga til snuplassen. Det skal leggast 400 mm røyr gjennom vegen før fyllinga og bekkeløpet skal leggast om slik at vatnet vert leia rundt fyllinga.

Det går av søknaden fram at det ikkje behov for inntakskum for røyret som skal gå gjennom vegen.

Det er vidare søkt om utbetring av ca.150 meter veg fram til snuplassen.

Kommunen si vurdering.

Føremålet med forskrifta om bygging og planlegging av landbruksvegar er å sikre at planlegging og bygging skjer på ein slik måte at ein oppnår landbruksfaglege heilskapsløysingar. Det skal leggjast vekt på omsyn til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsyn til flaum fare, erosjon og lausmasseskred og eventuelt andre omsyn knytt til vegframføringa.

I søknader om bygging av landbruksvegar skal kommunen gjere vurderingar om landbruksnytten av tiltaket. Dersom ein kjem til at tiltaket har over 50% landbruksføremål kan saka handsamast etter forskrift om bygging av landbruksvegar. Dersom landbruksføremålet er under 50% skal saka handsamast etter plan og bygningslova.

Osterøy kommune har vanskar med å sjå at snuplassen som er om søkt og er delvis ferdig har landbruksnytte over 50%. Grunngjeving for dette er at skogen er hogd ut og behovet for ein snuplass som det her er dimensjonert for er det såleis ikkje behov for. Osterøy kommune meina vegen fram til snuplassen har høg nok standar til føremålet den skal tene. Mindre utbetringar som grusing og vedlikehald av veggrøfter kan gjerast utan søknad.

Omlegging av bekkeløpet krev godkjenning frå vassdragsmyndigheitene (vassresurslova) som i denne saka truleg er NVE. Då bekkeløpet i periodar kan ha stor vassføring er ikkje kommunen samd i det som går fram av søknaden at det ikkje er behov for inntakskum for røyr som skal leie vatnet gjennom vegen.

Konklusjon.

Osterøy kommune finn å måtte avslå søknaden. Avslaget blir grunngjeve med at landbruksnytten av omsøkt tiltaket med veg og snuplassen er under 50%.

Skogteigen er avverka i 2021 og snuplass med tilførte massar av slikt omfang er det ikkje behov for.

Med helsing

Hege Eeg
einingsleiar

Martin Ivar Henden
fagkonsulent landbruk

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Klage.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen, men Statsforvaltaren i Vestland er klageinstans. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Kopi til:

Fanagro As

Brugata 6

5200

os

Mottakar:

Audun Rolland

Rødlandsflaten 63 5286

Haus